

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Gloppe hotell  
**Dato:** 27.02.2017  
**Tidspunkt:** 09:00 – 14.00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Ivar Kvalen	Leiar	Luster
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppe

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane FK.

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Synnøve Muri	Sven Flo	Stryn

## Merknad

Oddmund Klakegg gjekk etter at alle vedtakssakane var gjennomgått kl. 12.00.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_ Ivar Kvalen \_\_\_\_\_ Marius Dalin \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/17	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 1/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - klage på vedtak om løyve til sti og utkikkspunkt i Briksdalen opp mot Kattenakken		2016/3321
RS 2/17	Jostedalsbreen Nasjonalpark - Briksdalen - løyve til sti og gangbru - trekking av saka		2016/3321
RS 3/17	Avvisning av klage - klage på vedtak om oppføring av ny selvbetjeningshytte på Sunndalssetra		2016/641
RS 4/17	Miljødirektoratet har inngått rammeavtale for kjøp av verneskilt - informasjon om avtalen og bestilling og kjøp av verne- og underskilt		2017/150
RS 5/17	Rapport for helikoptertransport til Flatbrehytta sesong 2016		2014/1396
ST 4/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til restaurering av Haraldselet på Sunndalssetra - Sverre Guddal		2017/747
ST 5/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2016		2016/4136
ST 6/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjektplan for besøksstrategien		2016/4095
ST 7/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drøftingssak - revidering av forvaltningsplan - februar 2017		2013/4971

## **ST 1/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling. Rekkefølgja på sakane vart noko endra, då styret ønskja flest mogeleg til stades under handsaminga av dei viktigaste sakane.

## **ST 2/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen føreslo Marius Dalin til å underskrive protokollen i lag med styreleiar.

#### **Vedtak**

Marius Dalin vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet i lag med styreleiar.  
Samrøystes vedteke.

## **ST 3/17 Orienterings- og drøftingssakar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017**

1. Miljødirektoratet har saka om DNT-hytte på Sunndalssetra til klagehandsaming, og ønsker å samle inn mest mogeleg informasjon før dei tek ei avgjerd i saka. Dei ber om synfaring så snart området er farbart. Alle partane er invitert til synfaring fredag den 5. mai, og Sven Flo har høve til å representere nasjonalparkstyret.
2. Vibeke Johnsen vart i desember endeleg formelt godkjent av Miljødirektoratet som vara for Jarle Aarvoll, Sogndal kommune.
3. Endelege møtedatoar for nasjonalparkstyret for 2017:

27/2	Gloppen
24/4	Oppstryn
19-20/6	Jostedalen m. synfaring
18/9	Fjærland
23/10	Stardalen med FRU
27/11	Sogndal

4. Opning i Svidalen av dei fire første toppturparkeringsplassane i Jølster laurdag den 4. februar. Mange kom for å delta, og nasjonalparkstyret vart takka for tiltaksmidlane til prosjektet.
5. Eigaren av tre bygg på Sunndalssetra er i prosessen med å søkje midlar og planlegge restaurering/nybygg. Dette gjeld m.a. riving og oppattbygging av den gamle turisthytta. Nasjonalparkstyret drøfta spørsmål kring den to-etasjes gamle turisthytta. Styret var ikkje positive til at det skulle byggast oppatt eit identisk bygg. Styret tok ikkje stilling til om ein skal tillate å føre opp eit nytt bygg på same plassen, men om det skal tillatast må bygget vere i tråd med byggjeskikken på staden.
6. Orientering om møte i Stryn med grunneigarar og kommunen om opprusting av den gamle driftevegen til Storesetra. Sven Flo deltok på møtet med SNO/forvaltar. Nasjonalparkstyret peika på at sjølv om grunneigarlaget i dalen ønskja å være prosjekteigarar, så måtte prosjektplanen følgjast og være rekneskapsmessig etterretteleg.
7. Førespurnad kring steinras på ein sti opp Fosdalen, der det no er vanskeleg å komme fram med sau. Forvaltar/SNO drar på synfaring når det er farbart i juni.
8. Forvaltar og SNO deltok på dialogmøte med reiselivet, etter invitasjon frå Luster kommune. Nær 50 frammøtte, der tre nasjonalparkar, kommunen, Verdsarven og Visit Sognefjord fortalte om aktuelle tema. Dersom fleire kommunar har slike relevante møte, så kan forvaltar og ev SNO stille.
9. I desember var forvaltar på møte med Vegvesenet, der dei planlegg eit stort krabbefelt opp mot tunnellinngongen i Kjøsnesfjorden. Nasjonalparkstyret gav, i 2015, innspel om at omsyn til den nyrestaurerte turstien til Lundeskaret måtte takast i planarbeidet. Oddmund Klakegg fortalte at Jølster kommune også følgjer opp saka.
10. Det er komme nye, oppdaterte satsar på møtegodtgjersle. Styret ønskja at det blir sendt ut informasjon på nytt om utfylling, rette koder, m.m. I møtet i Gloppen varte møtet i fem timer, og styremedlemmane nytta om lag 2 timer til møteførebuing. Forvaltar oppmoda alle til å sende inn «krav» etter kvart møte, og ikkje samle opp alt til slutten av året. Forvaltar sender ut etterspurt info ila kort tid etter møtet.
11. NY: Ein førespurnad kom frå Fjærland Bygdalag om tekst om breen på eit informasjonsprosjekt på det nye servicebygget i Mundal. Nasjonalparkstyret vurderer informasjonsprosjektet som eit godt prosjekt, og ønskjer å støtte bygdalaget.

**RS 1/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - klage på vedtak om løyve til sti og utkikkspunkt i Briksdalen opp mot Kattenakken**

**RS 2/17 Jostedalsbreen Nasjonalpark - Briksdalen - løyve til sti og gangbru - trekking av saka**

**RS 3/17 Avvisning av klage - klage på vedtak om oppføring av ny selvbetjeningshytte på Sunndalssetra**

**RS 4/17 Miljødirektoratet har inngått rammeavtale for kjøp av verneskilt - informasjon om avtalen og bestilling og kjøp av verne- og underskilt**

**RS 5/17 Rapport for helikoptertransport til Flatbrehytta sesong 2016**

## **ST 4/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til restaurering av Haraldselet på Sunndalssetra - Sverre Guddal**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir nasjonalparkstyret med dette løyve til Sverre Guddal for å restaurere og endre på selet til Gnr/bnr 14/6, også omtalt som «Harald-selet» på Sunndalssetra i Stryn kommune.

Løyvet til ombygging gjeld på følgjande vilkår:

- Flytte inngangsdøra til den sørvestre kortveggen, inn i det som i dag fungerer som vedskjul. Vedskjulet skal ikkje utvidast eller endrast.
- Der den noverande døra er plassert før ombygging, skal eit nytt vindauge setjast inn, lik vindauge som er på same veggen frå før. Vindauge i selet skal ikkje utvidast frå dagens storleik, og dersom vindauge skal bytast ut, skal dei nye ha småruta glas, slik som byggeskikken på Sunndalssetra er.
- Taket skal få nytt tekke, anten i form av torv, eller bølgjeblikk.
- Kledninga på selet skal bytast ut, frå ståande til liggjande kledning. Materialet kan være ubehandla/grånande, eller mørkt brunt, liknande dei andre, opphavlege sela. Kledninga skal *ikkje* være av typen «villmarkspanel».
- Dersom muren skal utbetrast, må den framleis være forblenda av den opphavlege gråsteinsmuren.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla (**umåla**) trevirke kan brennast i omnen, eller på nærmare bestemt plass, i samråd med forvaltar. Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.

Dette løyvet gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.

Søknad om løyve til frakt av material med motorisert ferdsel må sendast nasjonalparkstyret i god tid (tre veker) før planlagt flyging.

## **ST 5/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - prioritering av tiltaksmidlar for 2016**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017**

#### **Handsaming i møte**

Oddmund Klakegg understreka kor viktig det er å ha store prosjekt/ store løft for å syne fram potensialet i nasjonalparken. Han ønskja fokus på tilkomsten og utforminga av innfallsporten til Haugabreen. Stort fokus på tryggleik er og viktig. Einar Målsnes vurderte det som positivt at styret har fått midlar til dei konkrete tiltaka som styret bad om. Fleire styremedlem etterspurte ferdselsteljarar, og Anne Rudsgen orienterte om at vi får disse til utlån frå Miljødirektoratet, og at dei ikkje kostar styret noko, og er såleis ikkje synlege i budsjettet. Kari Synnøve Muri fortalte at reiselivet har ein eigen teljar i Briksdalen. Marius Dalin sa det var viktig å prioritere teljar i Kamperhamrane. Ivar

Kvalen sa det var flott at SNO følgjer opp tiltak som ferdselsteljarane og også oppgraderinga av stien til Tuftebresteinen, som ein fin tur for både turister og lokalfolk. Skilting til Tuftebresteinen er etterlyst, men dette er i utgangspunktet ikkje eit forvaltningsansvar, så forvaltar tek kontakt med bygdelaget i Jostedalen om dette.

## Vedtak

Med bakgrunn i totalsummen på kr 700 000,- i tildelte tiltaksmidlar frå kapittel 1420, post 31 over statsbudsjettet, til Jostedalsbreen nasjonalpark 2017, og nasjonalparkstyret sin vedtekne tiltaksplan frå møtet i desember, foreslår sekretariatet denne fordelinga av midlar:

Restaurere den gamle driftvegen i Erdalen	kr 610 000,-
Rydding av sti frå Bøyadalen, prosjekt	kr 25 000,-
Breturkartet	kr 15 000,-
Utarbeiding av plan for uttak av gran	kr 30 000,-
Utbetring av parti til Flatbrehytta	kr 10 000,-
Ny port i Krundalen	kr 10 000,-
<b>SUM kr</b>	<b>700 000,-</b>

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet vurdere om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Forvaltar bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpende orientert om prosjekta under styremøta.

Viss det dukkar opp trong for midlar til nye, større tiltak utover sommaren kan nasjonalparkstyret v/ sekretariatet be om om ekstra løyingar i supplerande tildelingsrunder. Dette gjeld også 21-posten som gjeld midlar til forvaltningsplan/besøksstrategi.

## ST 6/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - prosjektplan for besøksstrategien

### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017

#### Handsaming i møte

Ivar Kvalen fortalte litt om erfaringane med besøksstrategi og tiltak i Jotunheimen. Til dømes ønskjer redningstenesta at nasjonalparkforvaltninga gjer tiltak på Besseggen slik at dei slepp å sende helikopter fleire gonger om dagen. Jarle Aarvoll ønskja tilpassing for det nyskapande friluftslivet, og god involvering av ulike grupper underveis i prosessen med strategien. Korleis gje dei store mengdene folk gode opplevingar, utan at ein får utfordringar slik ein ser på Trolltunga? Fleire styremedlem ser nytta av å formidle klimaendringar til turistar i Jostedalsbreen nasjonalpark. Oddmund Klakegg fortalte korleis FjordNorge forventar store endringar i reiselivsmønsteret grunna Hoven-Loen-prosjektet, noko som også vil føre til meir trykk frå besøkande i vårt område. Styret diskuterte korleis ein kan føreseie effektar av sosiale media. Vi bør lære av andre verneområde, og ta med oss erfaringane frå studieturen til Skottland (for dei som var med der). Venke Kollbotn la vekt på formidling av natur og verneverdiar til dei besøkande, slik at folk kan reise frå nasjonalparken med meir kunnskap. Fleire styremedlem var samt i at formidling av kunnskap var viktig, særleg i innfallsportane. Ivar Kvalen sa at styret må ture å plukke ut/prioritere område for særleg god

tilrettelegging. Oddmund Klakegg understreka kor viktig det var å spele på lag med nasjonalparksentra, og kor unikt det er at Jostedalsbreen har tre sentre. Marius Dalin lufta problemstillingar kring «people pollution».

Nasjonalparkstyret hadde ingen konkrete endringsforslag til den framlagde prosjektplanen for besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, og er klare til å ta strategiske drøftingar etter at meir kunnskap om naturgrunnlag og dei besøkande er innhenta.

## Vedtak

Prosjektplanen for besøksstrategien til Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteke slik den ligg føre.

## **ST 7/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drøftingssak - revidering av forvaltningsplan - februar 2017**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 27.02.2017**

#### **Handsaming i møte**

Innspel under drøftinga av den framlagde forvaltningsplanen i nasjonalparkstyret.

#### Potensielle truslar inni verneområdet:

- slitasje frå folk og sykling på underlag/vegetasjon som ikkje tåler det
- eventuelt lågare ressursar til tiltak/vedlikehald
- dersom det kjem krav frå staten om kraftlinjer gjennom verneområdet (døme: naturreservatet i Bremanger)
- lågtflyging med helikopter reduserer folk si frilufts- og naturoppleving (og er også forbode, men vanskeleg å dokumentere)
- attgroing av landskapet
- redusert bruk av stølane, og redusert landbruksdrift (beiting)
- gran, spreiing av frø
- 

#### Potensielle truslar utanfor verneområdet:

- Dårlege eller manglende toalett i innfallsportane
- At nasjonalparkstyret ikkje blir teke med som høyringspart i saker i randområda, særleg når aktiviteten kan påverke verneverdiar inne i verneområdet.
- Støy frå helikopter som flyg utanfor nasjonalparken kan framleis uroe friluftslivet innanfor grensa

#### Friluftsliv

- Sykkel som sidestilt med vandrarar.
- Nye brukergrupper og nye måtar å drive friluftsliv på.

#### Andre tema som vart diskutert:

- Omtale klimaendringar som tema i forvaltningsplanen.
- Lage sidenummerering i planen.
- Lage temakart, t.d. om aktuelle trasear for sykling, o.a. Dette blir konkretisert gjennom differensiering av område for dei ulike tema.
- Kva roller fylkeskommunen og Sogn regionråd har i tilrettelegging t.d. av toalett.

- Uklåre grenser for kor stort eit randområde til nasjonalparken er.
- Kari Synnøve Muri hadde fleire innspel på faktaopplysningars som gjaldt Stryn.

Forvaltar innarbeider dei konkrete tilbakemeldingane frå styret i plandokumentet. Til neste styremøte skal forvaltar ha fleire kapittel ferdige, slik at styret sikrar framdrift i arbeidet.